



Sunnfjord
kommune



KOMMUNAL PLAN FOR **IDRETT, FYSISK
AKTIVITET OG FRILUFTSLIV I
SUNNFJORD KOMMUNE**

2020-2023

FØREORD

Det er i «Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet -2019» ein føresetnad at anlegget eller tiltaket det blir søkt om tilskot til, inngår i ein vedteken kommunal plan.

Kommunal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv er ein temaplan for Sunnfjord kommune, som i hovudsak vil følgje prosesskrava etter plan- og bygningslova kap. 11. På den måten vert det sikra at fellesnemnda kan vere prosjekteigar, og ikkje kvar enkelt kommune.

Føremålet med planarbeidet er å få ein samla plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv for Sunnfjord kommune. Eit viktig mål for communal plan for idrett- og fysisk aktivitet er at den skal danne eit grunnlag for å kunne prioritere og å søkje spelemidlar til idrett- og friluftsanlegg.

Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv gjev glede, meistringskjensle og fellesskap, - det er ein viktig føresetnad for eit godt liv. I tillegg har det ein nytteverdi med positiv verknad på folk si fysiske, sosiale og mentale helse. Grunnlaget vert lagt tidleg i livet, og det er ein klar samanheng mellom fysisk aktivitet som ung og helse som vaksen. I Sunnfjord kommune er vi heldige som bur i omgjevnader som gjer at alle har gode mulehøgder for å vere fysisk aktive på alle nivå.



For born og unge er idretten ein viktig arena for aktivitet og mestring. Her får dei gode vanar og ferdigheter for framtida. Samtidig veit ein at mange born og unge ikkje deltek i organisert idrett. Det er difor viktig at vi har idrettsanlegg som legg til rette for organisert og uorganisert idrett og område med låg terskel for dagleg fysisk aktivitet som inviterer til varierte fysiske utfordringar der folk bur og oppheld seg mest. Det kan vere opne og lett tilgjengelege nærmiljøanlegg i bustadområde og skuleplassar, som t.d. skateparkar, sykkelløyper og ulike typar klatreparkar. Desse aktivitetane har auka mykje i omfang dei siste åra, med utgangspunkt i uorganisert aktivitet. Dette vil halde fram dersom vi er gode på fysisk tilrettelegging for slike område.

KORT SAMANDRAG

I 2018 var 7543 (34 %) av innbyggjarane i nye Sunnfjord kommune medlemmar i eit lag eller ein organisasjon innanfor idrett eller fysisk aktivitet. Aktivitetsandelen er på heile 44 %. Ser vi på aktivitetstala per idrett så er det dei tradisjonelle idrettane som fotball, friidrett og ski som har den høgste aktiviteten, men handball, symjing og volleyball kjem og godt ut. Størst prosentvis auke i aktivitetstal frå 2014 til 2018 har imidlertid skyting, motorsport og sykling. (Tal er henta frå telemarksforskning)

Sunnfjord kommune har samla sett god anleggsdekning målt opp mot aktivitetsnivå, men det er stor skilnad innanfor dei ulike idrettane og i dei ulike områda i kommunen. Av kommunar med høg aktivitet utan tilsvarende anleggsdekning er Jølster ein av dei fire i nye Vestland fylke som kjem dårlegast ut. I pressområde som Førde er det manglande kapasitet både på fasilitetar og treningstider, i andre område er det lite variasjon i tilbodet som er utfordringa.

Måla for arbeidet framover er:

Aktiv kvar dag på eigne premissar

Delmål 1: Tilrettelegging for aktivitet der folk bur og oppheld seg

Delmål 2: Alle skal få kunne oppleve friluftslivet


Delmål 3: Tilbod til alle innan idrett

Vi har i inne i handlingsprogram: 3 regionale- (regional plan går ut 31.12.19), 39 ordinære- 7 frilufts- og 23 nærmiljøanlegg.

Ut over retningsliner for utforming av anlegg vert det lagt følgjande generelle føringar for prioritering av anlegg i handlingsprogrammet:


★ Behovsvurdering

- 1) Årstal for første godkjente søknad
- 2) Rehabilitering av eksisterande anlegg med høg aktivitet
- 3) Nærmiljø- og friluftslivanlegg – for eigenorganisert aktivitet og til områder med låg anleggsdekning
- 4) Ferdigstilling av deler av større anlegg
- 5) Ordinære anlegg for organisert aktivitet- konkurranse- og treningsanlegg.
- 6) Støtteanlegg (klubbhus, toalett, garderober, lager, tribune, p-plass, etc.)



Innholdsfortegnelse

FØREORD	2
KORT SAMANDRAG	3
FØREMÅL	5
PLANPROGRAMMET	5
DEFINISJONAR	6
UTVIKLINGSTREKK.....	9
NOSITUASJONEN I SUNNFJORD KOMMUNE	11
VURDERING AV AKTIVITET OG FRAMTIDIG BEHOV	12
IDRETTS OG FRILUFTSLIVSPOLITIKK	13
STRATEGIAR.....	14
TILTAK	14
RETNINGSLINER FOR UTFORMING AV ANLEGG.....	15
FØRINGAR FOR PRIORITERINGAR AV ANLEGG.....	16
FORHOLD TIL ANDRE PLANAR.....	17
EVALUERING AV FØRRE PLANAR	17
PLANPROSESS	18
VEDLEGG:	20
HANDLINGSPROGRAM NÆRMILJØANLEGG	20
HANDLINGSPROGRAM ORDINÆRE ANLEGG.....	20
LANGTIDSPROGRAM	20
OMTALE AV ALLE ANLEGG I HANDLINGSPROGRAMMET	20
ÅRSHJUL.....	20
PLANPROGRAM	20



FØREMÅL

Det viktigaste føremålet med denne planen er at den skal gje eit grunnlag for å kunne prioritere og å søkje spelemidlar til idrett- og friluftsanlegg i år 2020. Planen skal fyrst og fremst vere handlingsretta, men må innehalde både handlingsprogram med prioriteringar og ein langsigktig plan. I ny plan tek ein sikte på å vidareføre anlegg som ligg i eksisterande handlingsprogram. Dette vil vere føreseileg for sokjarar, innbyggjarar og idrettslaga i Sunnfjord kommune.

Planen skal sikre at ein har god ressursutnytting av areal til idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, og samstundes ivareta eit heilskapleg perspektiv. Den skal også stimulere til auka samarbeid om vidareutvikling av anlegg for idrett og fysisk aktivitet.

Lågterskel friluftsliv og fysisk aktivitet med god tilrettelegging og tilkomst for alle er viktig for gode nærmiljø og for å betra den generelle folkehelsa. Aktivitet er viktig i alle aldrar, men det er spesielt viktig å leggje til rette for at barn og unge og alle med nedsett funksjonsevne får utvikle seg og vere aktive. Det er difor særsviktig at nærmiljø og skuleområde innbyr til allsidig aktivitet.

Viktige og langsiktige målsettingar i planarbeidet er:

- Å fremje folkehelsearbeidet i kommunen.
- Å ha og legge til rette for lågterskel friluftsliv og idrett med universelt utforma anlegg som gir god tilrettelegging for folk i alle alderar og funksjonsnivå.
- Å legge til rette for allsidige og mangfoldige nærmiljøanlegg i alle delar av kommunen
- Legge til rette slik at alle born og unge kan vere aktive.
- Involvere og ha samhandlingsarena med organisasjonar, grunneigarar, skule og barnehage.
- Å legge til rette for å vere vertskommune for nasjonale og internasjonale arrangement
 - Idretten sine rammevilkår med arrangementsstrategi for å vere vertskap for nasjonale og internasjonale meisterskap

PLANPROGRAMMET

[Planprogrammet](#) gir ei oversikt over:

Bakgrunn og mål

Kommunale planar

Kommunale føringar

Regionale og nasjonale føringar

Politisk organisering

Administrativ organisering

Framdriftsplan

DEFINISJONAR

Idrett

Med idrett er å forstå aktivitet i form av trening, eller konkurranse i den organiserte idretten.

Fysisk aktivitet

Med fysisk aktivitet er å forstå eigenorganiserte trenings- og mosjonsaktivitetar.

Friluftsliv

Klima- og miljøverndepartementet definerer friluftsliv som opphold og fysisk aktivitet i friluft, i fritida, med sikte på miljøendring og naturoppleving. Kulturdepartementet var valt å la friluftsliv inngå i omgrepet fysisk aktivitet.

Nærmiljøanlegg

Med nærmiljøanlegg meiner ein utandørs anlegg eller område for eigenorganisert fysisk aktivitet, hovudsakleg i tilknyting til bu- og/eller opphaldsområde. Anlegga skal vere fritt allment tilgjengeleg og er primært meint for born og unge i alderen 6 – 19 år, men også for resten av lokalsamfunnet. Det er eit krav at nærmiljøanlegga er universelt utforma og opne for alle brukarar. Ein kan søkje om tilskot på inntil 50 % av ein godkjend kostnad på mellom 50.000 – 600.000 kroner (anlegget kan koste meir, men maks kr 300 000 i tilskot), og det er mogleg å få tilskot til inntil tre anleggseininger innanfor same anleggsstad.

Ordinære anlegg

Ordinære anlegg er anlegg med rett til tilskot som fremgår av Kulturdepartementet sin publikasjon V-0732 Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet. Desse anleggstypane er i hovudsak nært knytt til konkurranse- og treningsverksemد for den organiserte idretten. Dei tekniske krav til mål og utforming av anlegga tek utgangspunkt i konkurransereglane til det enkelte særforbund.

Interkommunale anlegg

Det er departementet som godkjenner om anlegg oppfyller vilkåra, og søknad om godkjenning av staus som interkommunalt anlegg, med moglegheit for særskilt tilskot, sendast departementet innan 15. november


Nasjonalanlegg

Nasjonalanlegg er idrettsanlegg som tilfredsstiller tekniske og funksjonelle standardkrav for avvikling av relevante internasjonale meisterskap og konkurransar. Ordninga er svært avgrensa.

Friluftsområde og friområde

Omgrepet friluftsområde blir ofte brukt som fellesomgrep på grøne område som er tilgjengelege for fri ferdsel. Friluftsområde er store, oftest uregulerte område som er omfatta av allemannsretten. Det er ikkje krav til parkmessig





opparbeiding, bare tilrettelegging for bruk. Områda kan nyttast til turliv, jakt, fiske, fysisk aktivitet og trening. I kommuneplana sin arealdel er desse områda oftast avsett under landbruks, natur, og friluftsområde, (LNF-område). I reguleringsplansamanheng kan friluftsområde avsettast til spesialområde for friluftsliv.

Friområde er avgrensa område med spesiell tilrettelegging og opparbeiding for ålmenta sin uhindra rekreasjon og opphold. Områda er vanlegvis erverva, opparbeidd og vedlikehalde av kommunen. Det kan vere turvegar, lysløyper, leikeplassar, nærmiljøanlegg og badeplassar. Inngrepstilfelle naturområde i nærmiljøet, t.d. koller, sletter og bakkar kan også definerast som friområde. I arealdelen i kommuneplana er friområde gjerne vist som byggeområde på kartet, då dei vert sett på som ein del av dette. I reguleringsplansamanheng er friområde ein eigen kategori.

Spelemiddelordninga

Sidan 1948 har Norsk Tipping gjeve heile overskotet sitt tilbake til befolkninga, og ulike gode føremål. Nærare 150 milliardar kroner totalt har vore utbetalt, og Norsk tipping har over tida vorte ein svært viktig sponsor for frivillige. Pengane vert fordelt etter fordelingsnøkkelen, også kjent som tippenøkkelen. Nøkkelen er vedteke i § 10 andre ledd i pengespilloven:

«Overskuddet fra spillvirksomheten i selskapet og datterselskap fordeles først 6,4 % til helse- og rehabiliteringsformål. Deretter fordeles resterende overskudd med 64 % til idrettsformål, 18 % til kulturformål og 18 % til samfunnsnyttige eller humanitære organisasjoner som ikke er tilknyttet Norges idrettsforbund og olympiske komité. Midlene fordeles nærmere av Kongen.»

Kulturdepartementet forvaltar overskotet og dei ulike søknadsordningane som kan søkjast på for å få midlar. Anlegg for fysisk aktivitet har eiga elektronisk søkjeportal, www.anlegsregisteret.no, og eiga føresegn som styrer krav til søkjar og søknad for at eit anlegg skal kunne vere søkjedyktig. «Føresegn om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet» vert i større eller mindre grad revidert kvart år, den nyaste revisjonen finn du til ein kvar tid på www.idrettsanlegg.no.

Eit av krava føresegna har, er at alle anlegg som skal få spelemidlar lyt vere del av plan for fysisk aktivitet. Handlingsprogrammet i denne planen er anleggslista til kommunen. Langtidsprogrammet syner dei anlegga som ikkje er ferdig prosjekterte, men som sannsynlegvis vert realisert. Kvart år rullerer kommunen handlingsprogrammet og prioriterer søknadane med bakgrunn i søknadane som har kome inn for inneverande år.

Sjølve søknadsprosessen føregår slik, at dei ulike anlegga søker om spelemiddel til eigen kommune i løpet av hausten (lokale fristar; Sunnfjord kommune: 01.okt.). Søknaden vert deretter handsama av kommunen, som gjev attendemelding dersom det er avvik, og vidaresender søknaden til fylkeskommunen innan 15. januar kvart år. Kommunen har berre ei sakshandsamingsoppgåve i høve sjølve søknaden, det er fylkeskommunen som har

mynde i å godkjenne eller gje avslag på ein søknad.



Hoffslåttene skileikanlegg Foto: Marianne Hoff

15. Mars har fylkeskommunen si frist for å vidaresende søknader som dei har godkjent til Kulturdepartementet. Deretter fordeler departementet overskotet etter tre kriterier til dei forskjellige fylkeskommunane: Folketal i fylket, tal godkjende søknader og anleggsdekning.

Sjå [årshjulet](#) for spelemidlar i Sunnfjord.

Plan for drift

Søknaden bør innehalde ei plan for korleis anlegget skal driftast. Dette er sterke vektlagt dei seinare åra etter at ein har sett at mange anlegg blir bygde, men ikkje vedlikehaldne. Denne driftsplana bør minimum innehalde:

- Plan for forvaltning og bruk, som inneholder opplysningar om forvaltar av anlegget, planlagd lengd på sesong og tal brukstimar i sesongen
- Driftsbudsjett med inntekter og utgifter, inkludert finansutgifter
- For større anlegg (som t.d. idretts- og symjehalla) skal det leggjast ved plan for vedlikehald og utvikling av anlegget

Andre vedlegg

I tillegg til plan for drift må søknaden ha med desse vedlegga:

- Detaljert kostnadsoverslag

- Dokumentasjon på dei ulike delane av finansieringsplanen
- Kopi av stadfesta grunnbokutskrift

Søknadsskjema

Ein finn søknadsskjema på www.idrettsanlegg.no under Søknads- og regnskapsskjema. Når søknaden er fullstendig utfylt, inkludert alle vedlegg, skal søknaden sendast elektronisk til kommunen. Det gjer ein ved å fylle inn kommunenamnet i sjølve søknadsskjemaet.



Fiskarar under Osfossen. Foto: David Zadig

Les meir om
søknadsprosess og krav til
søknaden i «Bestemmelser
om tilskudd til anlegg for
idrett og fysisk aktivitet» som
Kulturdepartementet gir ut
kvart år.

UTVIKLINGSTREKK

Sjølv om Noreg er eit rikt land med høg levestandard og eit av verdas mest likskapsorienterte samfunn, så har dei sosiale forskjellane i helse auka dei siste tiåra. Studien «Sosial ulikhet i helse» frå Høgskulen i Oslo og Akershus (2014) syner at det er betydelege sosiale forskjellar i samfunnet. Hovudbiletet er at dei med høg utdanning har betre helse og lever lenger enn dei med lite utdanning. Den forma for fysisk aktivitet der sosiale forskjellar i minst grad gjer seg gjeldande, er friluftsliv. Å satsa på lågterskel friluftsliv i nærmiljøet vil derfor bidra til å utjamne desse forskjellane, samtidig som det er viktige helsefremjande tiltak for å auka kvardagsaktiviteten. Tal frå både SSB og andre undersøkingar syner at ein betydeleg del av den vaksne befolkninga nyttar friluft som arena for fysisk aktivitet. Gå og springa for å mosjonera, trenar eller nyta naturen, sykkeltur, skitur, eller å velje å gå eller sykle i staden for å ta bilen.


I rapporten Kunnskapsgrunnlag for fysisk aktivitet, utarbeidd på oppdrag frå Helsedirektoratet i 2015, er det peika på sentrale utviklingstrekk i nivå for fysisk aktivitet i befolkninga over tid; «*Samfunnets krav til kroppsbruk har blitt kraftig redusert de siste tiåra, og i mange samanhengar er det tilrettelagt for at fysiske anstrengelser ikke skal være nødvendig. Det er særlig hverdagsaktiviteten – knyttet til daglige rutiner – som har gått ned. Noen grupper i befolkningen trener mer enn før, men det ser ikke ut å kompensere for den reduserte hverdagsaktiviteten.*



Vidare seier rapporten: «*Med unntak av de yngste barna er det fysiske aktivitetsnivået i befolkningen urovekkende lavt. Allerede fra seks- til ni årsalderen synker aktivitetsnivået. Blant niåringene oppfyller 86 % av guttene og 70 % av jentene anbefalingene om i gjennomsnitt minst 60 minutters daglig fysisk aktivitet. Blant 15-åringene er tilsvarende tall 58 % blandt guttene og 43 % blandt jentene. Kun én av fem voksne oppfyller anbefalingene til fysisk aktivitet. Det er en trend med økt trening i deler av befolkningen. Treningen kompenserer likevel ikke for stillesitting på skole, jobb, transport og foran skjerm. Stillesitting er økende og bør sees på som et selvstendig afferdsproblem.*

Desse tendensane i samfunnet syner at det er viktig å bidra til å senka terskelen for dagleg fysisk aktivitet for folk i alle aldrar. For born og unge er idretten ein viktig arena for aktivitet og mestring, og for å læra gode vanar og ferdigheter for framtida. Samtidig veit ein at mange born og unge ikkje deltek i organisert idrett. Det er derfor viktig at det også finst arena for dagleg fysisk aktivitet, slik som opne tilgjengelege nærmiljøanlegg i parkar og skuleplassar som inviterer til varierte fysiske utfordringar. Eksempel på dette kan vere skating, sparkesykkel, og klatrepark. Desse aktivitetane har auka mykje i omfang dei siste åra, med utgangspunkt i uorganisert aktivitet. Omfanget av denne type aktivitet aukar dersom ein vert betre på fysisk tilrettelegging.





Deltaking innanfor friluftsliv er ofte knytt til attraktive turområde, grøne område i nærleiken av der ein bur, stiar og turløyper. Når gangavstanden til friluftslivområda aukar ut over 10 minutt, vert bruken av områda mindre. Undersøkingar syner at det ikkje bør vera lengre enn 200 meter til små grøne område og 500 meter til større grøne område, for at dei skal ha funksjon som friluftslivområde for beburane i kvarvarden. Dette syner kor viktig det er å ta vare på grøne lunger og ferdsselsårer for å heva aktivitetsnivået i befolkninga, og for å gjera det til eit enkelt val å gå eller sykle framfor å setja seg i bilen på veg til daglege gjeremål, der det er mogleg.

Idrettsindeksen for det som blir nye Vestland fylke synte i 2017 at her var 185 623 aktive idrettsutøvarar, 42% kvinner og 58% menn. Dersom ein deler tal aktive på tal innbyggjarar så får vi ein aktivitetsandel. Den syner at 32 prosent av innbyggjarane (alle over 6 år) er aktive i idrett i Vestland. Det er på linje med landsgjennomsnittet. Aktiviteten er høgare i Sogn og Fjordane (41%) enn i Hordaland (30%). Men det må og takast med at ser vi på utviklinga i aktivitetsandelen over tid i Vestland, så har den gått ned med 4% frå 2008 til 2017, det skuldast primært ein nedgang i Sogn og Fjordane. Det er ei svakare utvikling enn i landet elles.

I 2018 var 7543 (34 %) av innbyggjarane i nye Sunnfjord kommune medlemmar i eit lag eller ein organisasjon innanfor idrett eller fysisk aktivitet. Aktivitetsandelen er på heile 44 %. Ser vi på aktivitetstala per idrett så er det dei tradisjonelle idrettane som fotball, friidrett og ski som har den høgste aktiviteten, men handball, symjing og volleyball kjem og godt ut. Størst prosentvis auke i aktivitetstal frå 2014 til 2018 har imidlertid skyting, motorsport og sykling.

Både i nye Vestland og Sunnfjord er trenden den same, - det er aldersgruppa 6-12 år som har høgast aktivitetsandelen. I Vestland er denne på 116 %, noko som syner at barn her ofte er aktive i fleire idrettar. Aktivitetsnivået blant barn i Vestland ligg noko over landsgjennomsnittet (114%). Sogn og Fjordane har ein høgare andel (152) enn Hordaland (108) For ungdom (13-19 år) er aktivitetsandelen 70%, 11 prosentpoeng over landsgjennomsnittet (59%). Det er særleg høg aktivitet innan fotball, handball og skiidrett.

Telemarksforskning laga i 2018 ein rapport (TF-notat nr. 38/2018) der dei såg på idrettsindeksen for nye Vestland fylke. Om vi der ser på kommunane som no utgjer nye Sunnfjord kommune, så er det Gauldal som i snitt har høgst aktivitetsandel både for kvinner og menn. Førde og Jølster kjem og veldig godt ut, medan Naustdal i snitt scorar lågast. Når vi ser dette opp mot anleggsdekninga (anleggspoeng per aktive) er det Naustdal som kjem best ut, medan Jølster kjem dårleg ut på anleggsdekning. Dette bildet vil endre seg når alle anlegga som er vedtekne bygd står ferdig i løpet av 2020.

NOSITUASJONEN I SUNNFJORD KOMMUNE

Sunnfjord kommune har samla sett god anleggsdekning målt opp mot aktivitetsnivå, men det er stor skilnad innanfor dei ulike idrettane og i dei ulike områda i kommunen. Av kommunar med høg aktivitet utan tilsvarande anleggsdekning er Jølster ein av dei fire i nye Vestland fylke som kjem dårlegast ut. I pressområde som Førde er det manglande kapasitet både på fasilitetar og treningsstider, i andre område er det lite variasjon i tilbodet som er utfordringa.

Bygging av fleir brukshall på Vassenden, i Bygstad og på Halbrend og fotballhall- /klatrehall på Skei vil avhjelpe denne situasjonen. Ei utfyllande kartlegging av situasjonen vil vere eit av dei tiltaka kommunen vil starte tidleg i 2020.

VURDERING AV AKTIVITET OG FRAMTIDIG BEHOV

Det er viktig å kartlegge både anlegg og behov, og styre utviklinga godt i høve plassering av nye anlegg. Det krevst mykje resursar for å drifta og vedlikehalde anlegga på ein god måte og det er viktig at bygging av nye anlegg står i forhold til behovet og kapasiteten for å ivareta dei på ein god måte. Det er vidare aktuelt å vurdere nye typar anlegg som særskild er retta mot uorganisert aktivitet, og som samstundes legg opp til å vere gode sosiale møtestader.

Sunnfjord kommune må i sitt arbeid legge til rette for god samhandling internt i kommunen (idrett, folkehelse, frivillesentral, etc.) og mellom kommunen, idrettsrådet og dei frivillige lag og organisasjonar. Dette kan føre til utvikling av nye aktivitetsformer, og på sikt kanskje nye anleggsformer. Sunnfjord kommune skal vera gode på tilgjengeleight, og oversikt over aktivitetstilboda i kommunen vil på sikt finnast i digitalisert form. Målet er at alle i heile kommunen raskt skal kunne orientere seg i aktivitetstilboden, og få ei god oversikt over alle tilgjengelege aktivitetar.

Friluftsliv

Sunnfjord kommune har gode føresetnader for varierte friluftaktivitetar. Jølster kommune har gjennomført kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde, og dette kunnskapsgrunnlaget er digitalt tilgjengeleg. Førde er godt i gang med dette arbeidet, og har kartlagt det meste. Naustdal og Gauldalen har starta og jobbar med dette no og framover. Sunnfjord kommune har såleis eit godt kunnskapsgrunnlag om friluftslivet, bruken og behov når vi skal utvikle dette vidare. Å utabeide konkrete føresegner for korleis kunnskapsgrunnlaget frå kartlegginga skal vere inkludert i arealdelen av kommuneplanen er eit framtidig behov for Sunnfjord kommune.

Det kan vera tenleg å etablere eitt friluftsråd for den nye kommunen, eller å kople seg på eksisterande friluftsråd. Det er også viktig med god forankring og dialog med grunneigarar, bondelagsorganisasjonar, jakt og fiskelag og villreinorganisasjonar i arbeidet med tilrettelegging for friluftsliv. Både viltlivet og at det vert drive næring i utmarka, er viktige omsyn å ta ved tilrettelegging.

Det er også viktig å ha ein eller fleire arena, der barn og unge kan påverke og kome med innspel. Dei er ei viktig målgruppe, og kjenner best kva aktivitetar dei vil ha tilrettelagt for.



Klimaendringar vil påverke friluftslivet. Tilretteleggingstiltak må baserast på kunnskap om klimaendringar sin påverknad på friluftsanlegget sin funksjonalitet og levetid.

Aktivitetar vil flytte til nye plassar. Eksempelvis vil mindre snø i låglandet truleg føre til at fjellområda vert meir attraktive for vinterfriluftsliv og fører til større press og trafikk der.



IDRETT OG FRILUFTSLIVSPOLITIKK

Overordna mål

Aktiv kvardag på eigne premissar

Regelmessig fysisk aktivitet er ei viktig kjelde for helse, livskvalitet og overskot i kvardagen. Aktivitet gir positive gevinstar og kan gi ein arena for eit sosialt liv, gode opplevingar, mestringskjensle og betre mental helse. Vårt overordna mål er: alle skal vere aktive utifrå sine føresetnader og på eigne premissar. Og det beste er at det aldri er for seint å begynne.

Delmål 1

Tilrettelege for aktivitet der folk bur og oppheld seg

Tiltak for eigenorganisert, - gjerne spontan aktivitet, aktive transportformer og breiddeidretten skal lokalisera i område der folk bur og oppheld seg mest. Dette vil vere bustadområde, arbeidsplassar, skular, barnehagar, sjukehus, sjukeheimar og andre samlingspunkt i nærområda. Mangfaldet må styrkast og dei lokale tilhøva nyttast og utviklast.

Delmål 2

Alle skal få kunne oppleve friluftslivet

Alle skal få kunne oppleve friluftslivet, men ikkje alle plassar skal vere likt tilrettelagt og nokre plasser må få vere urørt. Friluftslivet er mangfaldig og mangfaldet må sikrast. Her er det moglegheiter for gode opplevingar, fysisk aktivitet,



trivsel og glede, og dette må takast vare på. Alle kan oppleve naturglede og helsebringande friluftsliv, sjølv om føresetnadane er ulike. Nokon treng tilrettelegging eller hjelpe midlar, og kan delta fullt ut viss forholda leggast til rette. Vi må sikre trygg tilgang og ei god oppleveling for alle, både dyr og menneske.

Delmål 3

Tilbod til alle innan idrett

Integrering, inkludering, mangfald, toppidrett og lokale, nasjonale og internasjonale arrangement, alle skal med. Idretten må sjølv få prioritere, det er nemleg idretten som jobbar fram tilboda, arrangerar, driftar og utviklar. Her vert Sunnfjord idrettsråd ein viktig aktør for samarbeid og samhandling på tvers av idrettsgreinene. Kommunen må støtte, rettleie og aktivt hjelpe til med å løfte idretten opp og fram.

STRATEGIAR


- Aktuelle fagområder innan kultur, teknisk, miljø, helse, omsorg og oppvekst må opprette faste møtepunkt og samhandling, og saman synleggjere tilbod og opprette eit godt synleg felles kontaktpunkt for innbyggjarane, frivillige lag og organisasjonar.
- Etablere forpliktande samspel mellom kommunen, nærmiljøråda, frivillige lag og organisasjonar og næringsliv og delta på ulike arena for å skape utvikling.
- Styrke lokal kompetanse og kommunen sin kapasitet til å følgje opp arbeidet med anlegg, aktivitet, inkludering og arrangement.
- Få til ei oversikt over all aktivitet og alle arenaer for aktivitet i kommunen.

TILTAK

Kommunen skal ha fokus på gode tiltak og prosjekt som bidrar til ei meir aktiv befolkning i kommunen og gjer oss i stand til å gjere dei riktige prioriteringane framover. Dette skal også hjelpe oss med å lage ein god og framtidsretta plan ved neste revisjon. Tiltaka og prosjekta skal ha fokus på å nå måla i planen og utføre valte strategiar. Folkehelse heftet «Folkehelse og kommuneplanlegging. Moment- og tipsliste» vert lagt til grunn for utarbeiding av tiltak.



Bilde frå fordeby.no med aktivitet frå Sunnfjordhallen



Eit handlingsprogram med konkrete tiltak skal utarbeidast som første prosjekt i ny kommune. Det er viktig at aktuelle fagområder innan kommune, frivillige lag og organisasjonar og næringsverksemder går saman om å utarbeide konkrete tiltak slik at desse vert godt forankra hjå dei som skal ha ansvar for utføringa. Det er også viktig å ikkje gjere dobbelt arbeid då mange ulike tiltak er sett i verk i dei fire eksisterande kommunane i dag. Det er mange som har god kompetanse på kva som fungera og ikkje, og desse må vere med i dette arbeidet.

Dette prosjektet, saman med å gjennomføre ei geografisk kartlegging av anleggsdekning digitalt, vert starten på arbeidet i ny kommune. Ei kartlegging gjer at anlegga kan visast saman med andre kartgrunnlag, som til dømes arealplanen. Ein kan da analysere lokalisering av ulike typar anlegg opp mot avstand og busetnad.


Gjennom arbeidet med denne planen er det kome ein del gode framlegg som må vurderast. Vi finn det rett å nemne desse her:

- Kartlegge befolkninga sine behov og ulike tersklar for aktivitet, utarbeide og iverksetjing for å ta bort desse tersklane; døme: kvilebenkar.
- Synleggjere tilboda i kommunen på ein god måte (kommunikasjonsstrategi).
- Aktivitetar for ulike grupper der dei bur.
- Velje ut og universelt utforme utvalte friluftsområde/turvegar.
- Differensiere friluftsområder mellom inngrepsfrie og tiltakssoner i arealplan.
- Legge til rette for at born og unge i låg-inntektsfamiliar skal kunne delta: utlån av utstyr, vurdere frikort til anlegg og liknande.
- Aktivitetar for eldre som gjer til at dei held seg friske og kan bu lenger heime.
- Aktivitetar i barnehagar, skular og i omsorgstenester som fører til livsmeistring.
- Organisere fleire tilbod om friluftsaktivitetar.
- Etablere friluftsråd.
- Inngrepsfrie naturområder og sikre mangfaldet i friluftslivet.
- Unngå at økonomi er ein barriere for å vere fysisk aktiv, delta i idrett eller nytte idrettsanlegg.
- Klimaendringar
- Oversikt over no situasjonen

Handlingsprogram med konkrete tiltak vil bli rullert årleg saman med handlingsprogrammet for anlegg, det er mogleg å fylle på med gode idear.

RETNINGSLINER FOR UTFORMING AV ANLEGG

God planlegging av anlegg er viktig og ROS analyse må bli ein del av vurderinga for nye anlegg, både når det gjeld plassering, dimensjonering og utforming. Dette må bli avklart i eigen plan for anlegget og plassering av anlegget må sjåast opp mot arealplan for kommunen.



Følgjande retningsliner skal leggjast til grunn ved planlegging av anlegg, og vil også vere førande for prioritering av ulike anlegg i handlingsprogrammet.

Anlegg skal:

- gje tilbod som manglar eller har mangelfull kapasitet.
- i den grad det er mogeleg gje tilgang for alle.
- bygge på den einskilde stad sine fortrinn og føresetnader for å tilpasse seg omgjevnadene; ta omsyn til miljø og sitt naboskap.
- tilpassast omfanget av bruk/behov.
- vere mest mogleg samlokalisert og skape allsidige møtestadar.
- sjåast i samanheng med eksisterande i forhold til behov og geografisk plassering og også saman med utvikling av grendene og lokalsamfunna.

Friluftsanlegg skal særleg:

- leggast til rette mest mogeleg skånsamt i naturen, og slik at ein tek vare på dei verdiane ein legg til rette for at folk skal kunne oppleve.

Idrettsanlegg for toppidrett/spesialidrett/særidrett skal særleg:

- vurderast i alle anlegg som kan tilrettleggast for toppidrett/spesialidrett/særidrett

Andre prioriterte:

- Turvegar og «snarvegar» som knyter saman område for gåande/syklande.
- Anlegg som er lokalisert ved skular og liknande som gjev lang brukstid gjennom døgnet og året.

FØRINGAR FOR PRIORITERINGAR AV ANLEGG

Ut over retningsliner for utforming av anlegg i kap. 6.4 vert det lagt følgjande generelle føringar for prioritering av anlegg i handlingsprogrammet:



Behovsvurdering

- 1) Årstal for første godkjente søknad
- 2) Rehabilitering av eksisterande anlegg med høg aktivitet
- 3) Nærmiljø- og friluftslivanlegg – for eigenorganisert aktivitet og til områder med låg anleggsdekning
- 4) Ferdigstilling av deler av større anlegg
- 5) Ordinære anlegg for organisert aktivitet- konkurranse- og treningsanlegg.
- 6) Støtteanlegg (klubbhus, toalett, garderober, lager, tribune, p-plass, etc.)

* Behovet for anlegget er særskilt viktig med tanke på prioritering. Men før den nye kommunen har gjort ei kartlegging av eksisterande anlegg og laga behovskriterier er behovet vanskeleg å vurdere objektivt. Behovet skal uansett alltid vere grunnlaget for å bygge nye, og rehabiliter eksisterande anlegg. Ved særskilde oppdukkande behov, som ved større naturkatastrofer, kan ein og med dette som grunngjeving prioritere opp anlegg som elles ikkje ville blitt høgst prioritert.

FORHOLD TIL ANDRE PLANAR

Planen er ein av dei fyrste for Sunnfjord kommune. Planen må vere med som eit av grunnlaga for kommuneplanen sin arealdel og koordinerast eller bli ein del av samfunnsdelen til kommuneplanen og ev. andre temaplaner som folkehelse, kultur, oppvekst, skule og frivillig arbeid. Den må også ikkje minst koplast til kommunen sin økonomiplan og årsbudsjett.

EVALUERING AV FØRRE PLANAR

Naustdal kommune

Kommunedelplan for Idrett, friluftsliv og kulturbrygg

Naustdal kommune sine erfaringar med planen er at den har fungert etter føremåla.

Planen har vore eit godt og naudsynt virkemiddel for prioritering av spelemidler og kulturbrygg. Planen har vore eit viktig grunnlag for kommunikasjon mot innbyggjarar, idrettslag og politikarar.

Naustdal kommune har også vedteke at vår plan skulle omfatte kulturbrygg i kommunen, noko vi tykkjer har fungert godt. Det har medført at ein kommuneorganisasjon med få tilsette, til ein kver tid har hatt komplett oversikt over spelemidler og midlar avsesett til kulturbrygg.

Jølster kommune

Kommunestyret i Jølster vedtok siste kommuneplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i desember 2014, den vart forlenga med eitt år i 2018.

Regional plan

Jølster har hatt 9 anlegg i regional plan. Sju av dei er gjennomførte og avslutta:

Jølster skyttarlag/Myklebust skyttarstadion:

- 100m inkl standplass
- 200m inkl standplass
- Elgbane
- Leirduebane

Sunnfjord Golfklubb på Vassenden:

- barnegolfanlegg – bane
- barnegolfanlegg – lys

Jølster skisenter:

- rehabilitering av Kvamsbakken

Så er det to anlegg som er under arbeid, søknad om spelemidlar vart godkjent i 2019 og blir fornya for 2020:

Jølster kommune

- Fleir brukshall på Vassenden

- Fotballhall på Skei

Ordinære anlegg

Jølster har hatt 15 ordinære anlegg i plana. Av desse er 6 gjennomført og avslutta:

Jølster skyttarlag/Myklebust skyttarstadion: Skyttarhus

Jølster IL:

- Rehabilitering av friidrettsbane på Skei
- Ny armatur på lysløype i Dvergsdalen

Jølster kommune: Dagsturhytte

Jølster skisenter: utviding av snøproduksjonsanlegget i Bjørkelia

Tre anlegg er tatt ut av plana som uaktuelle:

- Dagsturhytte på Vassenden
- Tursti med kvileplass i Gjesdalsdalen
- Gymsal Vassenden skule

Dei resterande seks anlegga er vidareført i ny plan, men anleggsstart er usikker.

Nærmiljøanlegg

Jølster kommune hadde 9 anlegg i plana frå 2014, 1 har blitt rullert inn i planperioden. Av desse er 6 gjennomførte og avslutta:

Jølster IL:

- Multisportanlegg i Bjørkelia
- Multisportanlegg i Bjørkelia – lys

Vikagarden Vel: Rehabilitering av ballbinge på Skei

Årdal og Helgheim Grendalag: rehabilitering av ballbinge i Årdalen

Skei Miljøutvikling: Jungelpark på Skei

Jølster kommune: Turløype Fossheim – Grungen

2 anlegg har søknad inne og blir fornya i 2020:

Årdal og Helgheim Grendalag: Skileikanlegg i Årdalen

Jølster kommune: Turveg Slåtten – Kvammen

Eitt anlegg er tatt ut av planen som uaktuell: Ballbinge i Årsetbakkane, og eitt anlegg er vidareført i ny plan med usikekr anleggsstart: Sandvolleyballbane på Skei.

Førde kommune


Førde kommune har ikkje styrt kva type anlegg og aktivitet som skulle ha prioritet. Ein har praktisert at all aktivitet har vore positiv og at har i stort mulig grad tatt med alle søknadane/innspill då det er stort behov for anlegg og tilrettelegging for fysisk aktivitet i kommunen.

Gauland kommune

Har ikkje evaluert sin plan.

PLANPROSESS

Fellesnemd for Sunnfjord kommune vedtok 06.02.19. formell oppstart av kommunal plan for «Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv i Sunnfjord kommune 2020 – 2023». Melding om oppstart



og høyring av planprogrammet vart annonsert og sendt ut 06.03.19. med merknadsfrist 19.04.19. I høyringsperioden vart det halde opne kontordagar på kveldstid i alle dei 4 eksisterande kommunane.

Det kom inn 19 konkrete innspel til tiltak i handlingsprogrammet frå 12 ulike aktørar/grupper og 2 innspel til planprogrammet/planen.

Etter at det er klart at Solfrid Trå er tilsett for å arbeide med friluftsliv i Sunnfjord kommune har arbeidsgruppa valt å inkludere henne i arbeidet med denne planen.


Det er halde møte med politisk referansegruppe 17.06.19. med fokus på innspel til Idrett og friluftspolitikk, Strategiar og Føringar for prioriteringa av anlegg. Og eit oppfølgingsmøte 29.08.19.

Planprogrammet vart vedteke 12.06.19. av Fellesnemnda og vedtak, samt oppdatert planprogram, vart kunngjort 28.06.19.

Planen vart vedteke lagt ut til offentleg ettersyn av Fellesnemnda for nye Sunnfjord kommune 18.09.2019. Melding om høyring av planen vart annonsert og sendt ut 26.09.19. med merknadsfrist 07.11.19 I samband med ettersynsrunden inviterer vi, i samarbeide med fylkeskommunen, Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane og Idrettskrinsen Sogn og Fjordane til eit ope dialogmøte 22.10.19. Møtet gav mykje gode innspel som vert teke med i arbeidet med tiltaksplanen.

Elles kom det innspel frå 17 aktører med både innspel til planen og vedlegga for handlingsprogram og langtidsprogram og omtale av anlegga. Innspela er gått gjennom, oppsummert kort saman med ei kort tilbakemelding frå administrasjonen i eige vedlegg og alle er lagt ved i si heilheit til saka. Innspela har i liten grad ført til oppdatering av plandokumenta på bakgrunn av for lite tid og resursar til oppfølging av plandokumentet no. Innspela vert teke med i det vidare arbeidet med innahaldet i planen, tiltaksplanen og alt anna arbeid som eininga Idrett og friluftsliv jobbar med framover frå 01.01.2020. Dei konkrete innspela er lagt inn i handlingsprogrammet eller langtidsprogrammet.

Planen vart vedteke av Sunnfjord kommunestyre 11.12.19.



VEDLEGG:

HANDLINGSPROGRAM NÆRMILJØANLEGG

HANDLINGSPROGRAM ORDINÆRE ANLEGG

LANGTIDSPROGRAM

OMTALE AV ALLE ANLEGG I HANDLINGSPROGRAMMET

ÅRSHJUL

PLANPROGRAM